



Helgesen Tekniske Bygg AS
Larissa Dahl

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3424 - 14/22102

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
30.09.2014

Mellombels bruksløyve - gbnr 214/119 Fyllingsnes - tilbygg verkstad

Tiltakshavar: Vaage Karosseri AS, 5913 Eikangervåg
Ansvarleg søkjar: Helgesen Tekniske Bygg AS, 5281 Valestrandsfossen
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 26.09.2011(rammeløyve). Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Asfaltering, listverk og permanent inngang.
2. Overlevering av FDV.

Mellombels bruksløyve gjeld del av tiltaket: **butikkdelen av tilbygg.**

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 15.12.2014.

Det vert elles vist til søknad motteken 24.09.2014.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Osterfjordveien 1220
Bygningstiltak:	Tilbygg til bensinstasjon og verkstad
Bygningsnummer:	9879536 - 3
Bruksareal:	750m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Kommunalt



VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for tilbygg verkstadbygg på gnr. 214, bnr. 119 på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld butikkdelen av tilbygg.
2. Søknad om ferdigattest skal vere motteken av kommunen innan 15.12.2014.

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

10.2. Pbl § 20-1	Gebyr
10.2.8. Mellombels bruksløyve	Kr. 2.800,-

Geburet skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato.

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på geburet. Det kan klagast over kva punkt i regulativet geburet er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konst. fagleiar

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

